

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Epost nve@nve.no

21. juni 2006

Høringsfråsegn til meldinga om 420 kV kraftleidning Ørskog-Indre Sogn

Vi viser til brev frå NVE 7. april i år. Norges Naturvernforbund har samordna sitt syn med våre fylkeslag i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi leverer med dette ei felles fråsegn.

Naturvernforbundet sitt generelle syn på meldinga

Den 420 kV kraftlina som er planlagt mellom Fardal og Ørskog er det største naturinngrepet som er påtenkt på Vestlandet nokon gong. Alle alternativa går både nær mange menneske og gjennom foreslåtte verneområder eller nær verna område. Eit av alternativa går også gjennom eit verna område. Lina kryssar ei rekkje verna vassdrag og viktige friluftareal. Ein av traseane ligg kloss i det nyleg oppretta verdsarvområdet Geirangerfjorden. Lina går tvers gjennom 250-300 kilometer av det vestnorske fjordlandskapet, det landskapet som National Geographic har peika ut som det mest storarta å oppleve i verda.

Summen av skade på natur og landskap vert gigantisk for alle alternativa. Lina vil bli synleg og dominerande på ein brutal måte over store avstandar og redusere opplevingsverdiane vesentleg, både for fastbuande og tilreisande. Vi kan ikkje sjå at det er noko av alternativa som i samla skade skil seg nemneverdig frå dei andre.

Statnett har komme til at den samfunnsøkonomiske netto noverdien av lina er i overkant av tre milliardar kroner. I desse analysane har dei ikkje sett nokon pris på miljølempene ved anlegget. Vi forstår at det er ikkje lett å kvantifisere – økonomisk – skadane på natur, landskap

og trivsel av eit slikt inngrep. Dei negative konsekvensane er i stor grad ikkje materielle. Vi stiller oss likevel undrande til at Statnett i 2006 presenterer ei samfunnsmessig nyttevurdering utan å ta omsyn til miljøkostnadene. Dei tala som då kjem fram, gjev ikkje eit reelt inntrykk av føremonar og ulemper for samfunnet. Tala gjev derimot eit ufullstendig og misvisande bilete av den samfunnsøkonomiske nytten. Etter vår oppfatning kan ikkje noko rimeleg vurdering av skadane på natur, landskap og trivsel – over all framtid – ende med at kostnadene over lang tid er mindre enn tre milliardar kroner. Berre for Hornindal har statsautorisert eigedomsmeklar Gunnvor Bakke komme til at det samfunnsøkonomiske tapet kan vere ein milliard kroner (G. Bakke, 2006: Hornindal – eit regionalt smørauge. Vurdering av eigedomsmarknaden og verknader av ei kraftlinjeutbygging).

På denne bakgrunnen går Norges Naturvernforbund sterkt i mot å gje konsesjon til lina. Vi meiner det alt no er klart at den negative konsekvensane er uakseptabelt store.

Alternativa Naturvernforbundet vil peike på

Grunngjevinga for planen er at analysar tilseier trong for ekstra straumforsyning til Midt-Noreg, i det vesentlege på grunn av nytt aluminiumsverk på Sunndalsøra, gassterminalen for Ormen Lange på Aukra og utviding ved Hustadmarmor i Fræna. Kraftsituasjonen i Midt-Noreg dei neste åra er pressa. Dette er ei utvikling som er planlagt gjennom store industrietableringar utan å ta omsyn til kraftsituasjonen. Dersom det faktisk vil oppstå ein situasjon med usikker forsyning, gav Norges vassdrags- og energidirektorat direkte misvisande opplysningar for berre to år sidan, då NVE forsikra at kraftsituasjonen i Midt-Noreg var sikker.

Etter den moglege framdriftsplanen i meldinga meiner Statnett at lina kan stå ferdig til 2012. Dette inneber at lina under alle omstende ikkje vil kunne hjelpe på den kraftmangelen som mange meiner vil komme i god tid før 2010. Det er alt nå klart at planen møter sterk motstand langs store delar av strekninga. Vi er mange som vil kjempe med alle lovlege middel for å hindre eit rettskraftig vedtak. Det verkar høgst usikkert om den skisserte framdriftsplanen er realistisk.

I prognosen for kraftbalansen i Midt-Noreg i 2010 opererer Statnett med eit underskot på 9 TWh i eit normalår. I eit tilsvarende år vil ca 2,5 TWh flyte nordover frå Sogn gjennom ei ny line Ørskog-Fardal, seier Statnett i meldinga. Etter dette ser det ut til at Midt-Noreg vil ha ei vesentleg underskot sjølv om lina skulle komme, og at lina altså løyser berre ein del av problemet. Vi stiller oss avvisande til hypotesen i meldinga om at fleire TWh ny vasskraft frå Sogn og Fjordane kan komme inn på lina. Det vil krevje uakseptable inngrep i uhyre mange vassdrag, og er på ingen måte klarert.

Dersom utsiktene til kraftmangel i Midt-Noreg er alvorlege, er det likevel ikkje akseptabelt å byggje ei luftline mellom Fardal og Ørskog, ei line som vil verte den største naturøydelegginga på Vestlandet gjennom tidene. Den einaste lineføringa som kan vere akseptabel, er å legge ein sjøkabel frå Sogn til Møre og Romsdal. Vi kjenner ikkje situasjonen på sjøbotnen langs ei slik strekning, kva skadar ein kabel kan gjere eller om eit slikt prosjekt er teknisk gjennomførleg. Men dersom det etter meldinga framleis er aktuelt å gå vidare med overføringsplanen, bed vi om at Statnett får i oppdrag å greie ut dei tekniske, økonomiske og miljømessige sidene ved ein sjøkabel som alternativ til luftline. I ei slik utgreiing bør Statnett vurdere om det vil vere meir rasjonelt å leggje sjøkabel til Nyhavna-anlegget på Aukra i staden for til Ørskog. Ulike trasear må også drøftast, t.d. om det kan vere aktuelt å nytte ein eventuell Stadt Skipstunnel til ein sjøkabel. Naturvernforbundet vil vise til at ei utgreiing av sjøkabel i staden for 420 kV luftspenn er kravd og gjennomført for prosjektet Sima – Samnanger.

Statnett opplyser at ny kraftproduksjon i Midt-Noreg, med stor nok kapasitet, er ei en meget god løysing løysing for kraftsystemet. Dersom det vert bygt eit gasskraftverk på 800 megawatt i Midt-Noreg, er det ikkje samfunnsøkonomisk lønsamt å byggje lina frå Ørskog til Fardal, skriv Statnett. Regjeringa har gjort det klart at dei ønskjer gjennomført planen frå Statoil og Shell om eit gasskraftverk med CO₂-deponering. Både regjeringsspartia og opposisjonen på Stortinget ser ut til å støtte dette prosjektet. Det er ikkje grunnlag for å gå vidare med lineplanen før det eventuelt er avklara at det ikkje vert bygt gasskraftverk på Nordmøre eller andre stader i nærleiken.

Naturvernforbundet har ved fleire høve synleggjort det potensialet for energisparing og ei forsiktig utbygging av fornybare energikjelder det er mogleg å få nytta i Midt-Noreg. I eit kortsiktig perspektiv – fram til 2011 – ser dette ut til å vere dei einaste miljømessig akseptable alternativa for energiforsyninga i regionen.

Utgreiingsprogrammet

Etter vår oppfatning er dei skadane og ulempene som alt nå er kjende, så store at det vil ikkje vere akseptabelt å gje konsesjon til lina. Fordi der er ikkje sikkert at alle er samde med oss i det, vil vi kommentere utgreiingsprogrammet på nokre punkt.

Vi stiller oss tvilande til om det er mogleg å gjennomføre ei forsvarleg konsekvensutgreiing etter tidsplanen i meldinga, i løpet av det halve året som er igjen av 2006. Geografisk er inngrepet svært omfemnande. Alle veit at planen er uhyre kontroversiell, og saka må vere så godt opplyst som det er fagleg mogleg, før ein eventuell søknad går på høyring. Det vil også vere nødvendig å syte for at alle som kunne blitt råka av ei eventuell utbygging får god kjennskap til dette tidsnok til å kunne uttale seg.

Normalt ligg den viktigaste nytten av konsekvensutgreiingar å kartlegge skilnadene mellom ulike alternativ i ein plan. I dette tilfelle er inngrepet, same kva alternativ som måtte bli valt, så omfemnande at det er avgjerande å få fram alle relevante opplysningar som grunnlag for sjølve spørsmålet om ja eller nei til ein eventuell konsesjonssøknad. Som nemnt over krevjar Naturvernforbundet at sjøkabel blir utgreidd som alternativ. Det er også eit krav frå Naturvernforbundet at alternativa til å overføre kraft frå Indre Sogn blir utgreidd, altså ei omfattande satsing på energisparing i Midt-Noreg, kombinert med utbygging av nye fornybare energikjelder og gasskraft med CO₂-handtering.

Landskap

I tillegg til fotomontasjar må utgreiinga innehalde, på kart eller anna grunnlag, illustrasjonar som viser med farge eller på annan måte kor langt ut frå traseane lina vil vere synleg i ulike

retningar, altså kor store areal som lina visuelt trengjer inn i. Det rydda beltet i skog og sona med byggjeforbod må vere med.

Naturmiljø

I meldinga står det at ”kjente forekomster av ansvarsarter, truede og sårbare arter av ... beskrives”. Over store delar av dei skisserte traseane er kunnskapen mangelfull om desse artane, og det blir på ingen måte ei opplyst forvaltning å nøye seg med dei opplysningane som er kjende til nå. Vi ser at ei fullstendig kartlegging vil krevje både tid og pengar. Ein mellomveg er, ut frå kjende biotopkrav og registrering av vegetasjon eller naturtypar, å kartlegge potensialet for visse artar som kan finnast. Det må gjørast nærare undersøkingar i dei områda der det blir påvist viktige naturtypar, blant anna i dei områda der traséen skal ryddas. Det er heller ikkje sagt noko om oppfølgjande undersøkingar. Frå Statkraft si vindkraftutbygging på Smøla veit vi at det først var i etterkant av utbygginga konsekvensane vart synlege.

Reiseliv og friluftsliv

Lina er planlagd gjennom dei mest kjende turismestroka i landet. Langs store delar av dei melde traseane er det nasjonalt og regionalt viktige, og delvis eineståande, område for friluftsliv. Reiselivet er viktig for mange bygder og lokalsamfunn, men reiseliv, konsekvensar for stølar osv. er ikkje nemnd i forslaget til utredningsprogram. I stor grad er turisme ein bruksmåte som gjer lite skade på naturen samanlikna med alternativ sysselsetting. Bransjen er i større grad enn før klar over at den uforstyrta naturen og dei historiske landskapa etter eit jordbruk med små einingar, er eit aktivum dei ikkje kan skade utan å tape pengar på det. Det er opplagt at vestlandsnaturen som turistmål blir skadelidande dersom Statnett byggjer den aktuelle kraftlina. Her står industrielle næringsinteresser mot ei anna næring, og dei økonomiske konsekvensane for turistnæringa er ein viktig del av den samfunnsøkonomiske heilskapen.

Miljø og helse

I utgreiingsprogrammet er magnetiske felt omtala. Vi bed om at det vert gjort greie for kva støy lina kan eller vil skape.

Med venleg helsing

Lars Haltbrekken

Leiar Norges Naturvernforbund

Øystein Folden

Leiar av Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Jon Farestveit

Leiar av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane